

Sak 39-26 DRØFTINGSSAK – ANDRE REGIONALE SAMARBEIDSTILTAK - OPPFØLGING FRÅ HALLINGTING

Bakgrunn:

Som ledd i rulleringa av regionplan vart Hallingtinget i april utfordra på tre tema: næringsutvikling, helsesamarbeidet og andre regionale samarbeidstiltak:

På tema «andre regionale samarbeidstiltak» drøfta Hallingtinget dei tiltaka som står i Regionplan i dag og det vart stilt spørsmål ved om ein skulle ha gjort endringar på fleire av samarbeidstiltaka i planen.

Her er eit kort samanstilling av svara frå eit fleirtal av gruppene på Hallingtinget

Kultur

- Store skilnader i kulturskuletilbodet → behov for forpliktande regionalt samarbeid
- Kombinere desentraliserte tilbod med nokre regionale samlingstilbod
- Lærarar må jobbe på tvers av kommunar → vurdere koordinator- eller vertskommuneløysing
- Mål: likeverdig kulturskuletilbod i Hallingdal

Bu- og blilyst

- Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsregion: Det derfor behov for regional og samordna rekruttering (NAV, stillingsutlysingar, opne søknader)
- Ein bør vurdere felles mottak/servicepunkt for tilflyttarar

Klima og miljø

- Felles tiltak i klimaplan
- regional ROS-analyse
- Vidare samarbeid etter ROS, særleg knytt til vassdrag

Dette er ei oppfølging av saka frå Hallingtinget. Det vart sagt at Regionrådet skal drøfte dette vidare slik at det kjem inn i ei ev rullering av Regionplanen til hausten.

Vurdering

Dette gjeld utvikling av alle dei samarbeidstiltaka som går føre seg mellom kommunane. Det er mange som meiner mykje om regionale samarbeidstiltak, men det er uansett kommunedirektørane som har delegert mynde til å utføre dei tenestene som tiltaka omfattar og politikarane som fattar vedtak. Punktet er ytterlegare aktualisert etter interpellasjon og påfølgande debatt om felles planavdeling i Hallingdal. Administrasjonen sitt forslag er at kommunedirektørane vurderer innhald i det satsingsområdet som heiter andre regionale samarbeidstiltak – og kjem med innspel til tiltak i septembermøte i Regionrådet.

Forslag til vedtak:

Regionrådet ber KRU om å koma med innspel til satsingsområdet «andre regionale samarbeid» til septembermøte i Regionrådet

Hallingdal, 11. juni 2026

Jan Olav Helling
Dagleg leiar